



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 30.03.2016

Vår ref.: 2014/9352

Arkivnr.: 421.3

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oversending av kommunedelplan for rassikring av RV 13 frå Melkeråna til Øygjanaset i Hjelmeland og Strand kommunar for endeleg avgjerd

Kommunedelplan for ras-sikring av RV 13 frå Melkeråna til Øygjanaset i Hjelmeland og Strand kommunar blir sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Bakgrunn

Statens vegvesen har fremja motsegn til alle planalternativ som omfattar lang tunnel frå Melkeråna til Årdal. Hjelmeland og Strand kommunar og Rogaland fylkeskommune ønskjer å vedta lang tunnel til Årdal (tunnelalternativet 2b), og ikkje ras-sikringsalternativet (alternativ 4) som vegvesenet tilrår.

Planen var til mekling hos Fylkesmannen 29.01.2016, og på meklinga blei det konkludert slik, jf. protokoll:

«Statens vegvesen held fast på si motsegn til planen, medan Hjelmeland og Strand kommunar og Rogaland fylkeskommune held fast på planalternativ 2b. Planen blir sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg behandling.»

Partane vart samde om følgjande:

Utgreiinga viser at hovudalternativ 2 kjem best ut på prissette konsekvensar, og at alternativ 2b er best når prissette og ikkje-prissette konsekvensar blir vurdert samla. Alternativ 2b er vesentleg meir kostbart enn alternativ 4, og kan ikkje fullfinansierast som eit ras-sikringsprosjekt. Ved vedtak av alternativ 2b er det ein fare for at det vil ta lengre tid før prosjektet kan bli realisert. Realisering av planalternativ 2b vil krevje finansiering ut over ras-sikringsmidlar.»

Vurdering

Fylkesmannen har forståing for begge partar sin ståstad og argumentasjon i denne plansaka. I valet av alternativ er finansiering det sentrale spørsmålet. Prioritert alternativ 2b i kommunane vil ikkje la seg fullfinansiere gjennom ras-sikringsmidlar. Derimot er alternativ 2b eit samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt.

I høyringa gav vi råd om å velje alternativ 4, sidan dette alternativet kan fullfinansierast som eit rassikrings-prosjekt og dermed realiserast i nær framtid. Dette prosjektet ligg allereie inne som eit prioritert prosjekt som det er knytt midlar til.

Ved å velje lang tunnel-løysing vil finansiering og gjennomføring bli meir usikker. Det føreset at prosjektet blir prioritert inn i Nasjonal Transportplan.

Det treng ikkje vere motsetning mellom ras-sikring og lang tunnel. Sikring mot ras i samsvar med alternativ 4 kan etablerast relativt raskt, lang tunnel er eit meir langsiktig prosjekt. Det er viktig at ras-sikring i samsvar med alternativ 4 ikkje blir brukt som argument mot ei meir langsiktig løysing med lang tunnel.

Konklusjon

Vårt råd til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i saka, er å finne ei løysing i samarbeid med Samferdselsdepartementet om finansiering og rask gjennomføring av den samfunnsøkonomisk beste løysinga.

Som det går fram av protokoll frå meklingsmøtet, er kommunane og fylkeskommunen innforstått med at det kan ta lengre tid å realisere 2b, fordi dette alternativet føreset midlar utover det som er sett av til rassikring. Avgjerande for vårt råd er dei samstemte lokalpolitiske og regionale vedtaka i favør av alternativ 2b.

Alternativ 2b er eit samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt, som kan få prioritet i Nasjonal Transportplan. Viss det skjer slik at sikring mot ras kan gjennomførast rimeleg raskt, er dette det beste alternativet.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:

Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland

Vedlegg

Vedlegg 1 – Oversendingsbrev frå Hjelmeland kommune 29.01.16
Vedlegg 2 – Oversendingsbrev frå Strand kommune 07.03.16
Vedlegg 3 – Planprogram
Vedlegg 4 – Merknadsbehandling

- Vedlegg 5 – Høyringsuttalane ved offentlig ettersyn
- Vedlegg 6 – Føresegnene
- Vedlegg 7 – Plankart av alle planalternativ
- Vedlegg 8 – Planskildring
- Vedlegg 9 – Brev Statens vegvesen til sluttbehandlninga 15.12.15
- Vedlegg 10 – Vedtak formannskapet i Hjelmeland 12.01.16
- Vedlegg 11 – Vedtak kommunestyret i Hjelmeland 24.02.16
- Vedlegg 12 – Vedtak kommunestyret i Strand 24.02.16
- Vedlegg 13 – Protokoll mekling 29.01.16